

FAKTAANALYSE 2021

Status og tiltaksplan på busettings- og kvalifiseringsfeltet i Volda kommune

Denne faktaanalysen gir supplerende informasjon til politisk sak om busetting av flyktninger i 2021, samtidig som den gir ei oversikt over status og tiltak på busettings- og integreringsfeltet i Volda kommune.

1. Befolking og innvandring

Ved inngangen til 2020 utgjer innvandrarar 9,9 % av befolkninga i Volda. For Noreg er talet 14,7%. Innvandring har over fleire år sikra Volda ei positiv befolkningsutvikling. Tabell 1 under viser befolkningssamsettinga i Volda ved inngangen til 2020.

Tabell 1: Samansetting av befolkninga i Volda pr. 01.01.2020, samanlikna med Noreg

| | Noreg | | Volda | |
|--|-----------|---------|---------------|---------|
| | Tal | Prosent | Tal | Prosent |
| Befolkninga utanom innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre | 4 388 326 | 81,8 | 9 291 | 88,7 |
| Norskfødde med innvandrarforeldre | 188 757 | 3,5 | 146 | 1,4 |
| Innvandrarar | 790 497 | 14,7 | 1 036 | 9,9 |
| SUM | 5 367 580 | 100 | 10 473 | 100 |

Kjelde: imdi.no/statistikk

Tabell 2: Innvandringsgrunn Hornindal/Volda 2019-2020, samanlikna med fylket og Noreg

| Innvandringsgrunn | Hornindal 2019 | Volda 2019 | Hornindal/Volda 2019 | Volda 2020 | Møre og Romsdal | Noreg |
|--|-------------------|---------------|-------------------------|---------------|--------------------|----------------|
| Ukjend | 12 | 98 | 110 | 109 | 2 688 | 120 711 |
| Utdanning (inkl. au pair) el. andre grunnar | 3 | 134 | 137 | 171 | 1 281 | 39 161 |
| Familieinnvandra | 14 | 152 | 166 | 181 | 9 026 | 187 479 |
| Flyktningar og deira familieinnvandra | 13 | 366 | 379 | 375 | 7 234 | 239 985 |
| Arbeidsinnvandrarar | 27 | 175 | 202 | 200 | 10 736 | 203 161 |
| SUM | 69 | 925 | 994 | 1 036 | 30 968 | 790 497 |

Kjelde: imdi.no/statistikk

1.1 Status busetting av flyktningar, EM og FAM i Volda kommune

Volda kommune har busett flyktningar sidan 1987. Gjennom meir enn 30 år med busettings- og integreringsarbeid er oppgåva løpende og permanent, og det har blitt opparbeidd høg fleirkulturell kompetanse blant tilsette i organisasjonen og i Volda-samfunnet. I perioden 2010-2020 er det busett 312 flyktningar i Volda, inkl. 53 einslege mindreårige (EM). Dette utgjer i snitt 28 flyktningar kvart år, derav i snitt 5 EM kvart år. I same periode har det kome 94 på familiesameining (FAM) med herbuande flyktningar, som utgjer eit snitt på 8-9 kvart år.

Tabell 3: Busette flyktningar og FAM i perioden 2010-2020

| År | SUM | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---------------------|------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Tal busette | 312 | 8* | 17 | 20 | 38 | 38 | 40 | 31 | 26 | 27 | 21 | 46 |
| Tal FAM | 94 | 11 | 10 | 7 | 16 | 14 | 9 | 3 | 3 | 8 | 9 | 4 |
| SUM busette/ FAM | 406 | 19 | 27 | 27 | 54 | 52 | 49 | 34 | 29 | 35 | 29 | 50 |

*Hittil i 2020 er det busett 8. Det er i tillegg gjort avtale med IMDi om å busette 2 familiarar på til saman 11 personar i år. Dersom desse kjem innan årsskiftet vil busettingstalet i 2020 bli totalt 19.

Tabell 4: Busetting av EM i perioden 2010-2020

| År | SUM | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|----------------|-----|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Tal busette | 53 | 1 | 1 | 4 | 3 | 4 | 8 | 5 | 5 | 6 | 6 | 10 |

Volda læringsenter har sidan 2014 hatt ansvar for busetting av flyktninger, og frå 2019 ansvar for busetting av EM. I perioden 2010-2018 vart 48 EM busett av EM-tenesta i barnevernet, i døgnbemanna bufellesskap. 5 har blitt busett av Volda læringsenter og får oppfølging og tiltak av programrådgjevarar og lærarar ved senteret. Frå 2019 har læringsenteret ansvar for all busetting av EM. Det har blitt busett 1 EM kvart av år 2019 og 2020, begge med nære relasjonar i Volda.

Volda er vertskommune for barnevernstenester, derav oppfølgingsteneste (OPP) for EM busett på hybel i Volda og Ørsta. Grunna auka busettingsbehov frå 2010 bygde kommunane opp døgnbemannana bu- og omsorgsteneste for busetting av EM. I 2019 vart desse avvikla som følgje av reduserte behov. 36 av 48 som EM-tenesta har busett i Volda er avslutta. OPP følgjer i dag opp 12 EM busett i Volda, og 6 EM busett i Ørsta. EM i Volda har ein snittalder på 19,6 år og EM i Ørsta 19,2. Snittalder ved avslutting av tiltak i 2020 er 20,8 år. Frå 2021 vil det vere 16 EM i tiltaket, derav 10 frå Volda og 6 frå Ørsta. Det er planlagt ei gradvis nedbygging av OPP fram mot medio 2022, i tråd med at ungdom ikkje lenger treng hjelpetiltak av barnevernet. 4 EM har fått familiesameining siste åra. Etter familiesameininga får ungdomane og familien oppfølging og tiltak frå Volda læringsenter. Volda kan vise til gode resultat i EM-arbeidet. Dei fleste deltek i norsk- og grunnskuleopplæring, er skuleelevar eller lærlingar, i utdanning eller arbeid. Dei fleste leiger bustad på den private marknaden. Dei to siste åra har 4 EM kjøpt seg eigen bustad; 2 i andre kommunar og 2 i Volda.

1.1.1 Busetting av flyktningar i 2021

Mål: Volda kommune skal bersette flyktningar i samsvar med gjeldande kommunestyrevedtak.

Framlegg til vedtak i kommunestyremøte 17.12.2020 om busetting av flyktningar i 2021:

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Volda kommunestyre er positiv til å bersette 22 flyktningar i 2021, inkl. 2 EM. Ramma kan aukast med inntil 11 personar (2 familiar) frå 2020-kvota som er avtalt å bersette i desember 2020, dersom desse får utsett innreise til 2021 grunna innreise-restriksjonar. Dvs. at kvota for 2021 kan aukast til inntil 33 flyktningar, inkl. 2 EM.
2. Det er ein føresetnad for busetting av EM at dei kan bersetast av læringsenteret
3. Kommunedirektøren disponerer plassane innafor vedtaket ut i frå busettingsbehov, kapasitet i tenestene og ramma av statlege finansieringsordninga for bersetting og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.
4. Auka inntekter og utgifter som følgje av bersetting av fleire flyktningar vert å innarbeide i budsjettet for 2021. Auka inntekter skal reserverast tenester i flyktningarbeidet, og ev. avsetjast på disposisjonsfond til føremålet. Kommunedirektøren får fullmakt å vurdere styrking av tenester og avsetjing på fond.
5. Volda kommunestyre vil oppmode staten om så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår til flyktningarbeidet i kommunane.

1.1.2 Busetting av flyktningar i Volda i 2020

Vedtak i PS 26/19 handsama i kommunestyremøte 12.12.2019

Volda kommunestyre er positiv til å bersette 23 flyktningar i 2020, derav inntil to einslege mindreårige over 15 år. Bersetting skal skje gjennom Volda læringsenter. Familiesameiningar kjem i tillegg.

Nøkkeltal 2020

- Det er søkt ut 19 flyktningar for busetting i 2020
- 8 er busett pr. 01.12.20, derav 1 barnefamilie (OFF)
- 3 einslege vaksne er busett frå asylmottak
- 1 har status som EM, og kom til Volda saman med fostermor
- Det er søkt ut 11 OFF (2 familiar) med forventa ankomst i desember. Om desse ikkje kjem innan årsskiftet, vil IMDi telje dei på busettingsvedtaket for 2021. I framlegget til vedtak er det teke høgde for å inkludere ev. innreiseforseinking for desse.
- 11 av dei 19 som er busett/søkt ut, er barn under 18 år
- 11 har kome på FAM til herbuande flyktningar i 2020, derav 6 barn
- Kjønn: 5 menn, 3 kvinner

Kvar kjem flyktningane frå:

- Dei 8 som er busett kjem frå: Eritrea: 5, Syria: 2, Tyrkia/kurdar: 1
- Dei 11 som er søkt ut kjem frå: Syria: 6, Sudan: 5

Det har kome 11 på familiesameining til herbuande flyktningar i 2020

- 5 vaksne og 6 barn til herbuande flyktningar
- Kjønn: 5 menn, 6 kvinner
- Nasjonalitet: Eritrea: 3, Russland 1

Bustader:

- 2 av 8 er busett direkte på den private bustadmarknaden
- 1 kommunal familiebustader er nytta til 1. gongs busetting av 5 OFF
- 1 kommunal hybel er nytta til 1. gongs bersetting frå asylmottak

Utsøking og ankomst av flyktningar til kommunen

All busetting i kommunen avtalast gjennom kontaktsenteret til IMDi. Kommunen melder inn ledig husvære i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR), og IMDi søker ut flyktningar til kommunen.

Uavhengig av innmeldt ledig kapasitet og bustad, kan IMDi ta kontakt med kommunen for busetting gjennom NIR. IMDi tek også direkte kontakt med sakshandsamarar t.d. ved bersetting av OFF og EM. All godkjennung av bersetting skjer gjennom NIR. Det kan ta fleire månader frå kommunen melder inn ledig kapasitet til vi får utsøkt ein person. Dette gjer det vanskeleg å halde på ledige private bustader. IMDi viser til at det skuldast få flyktningar å söke ut for bersetting. Situasjonen med covid-19 førte til stans av innreise for OFF fram til seint på hausten 2020. No har fleire OFF blitt busett i kommunane, men ein opplever stadig utsetjing av ankomst som følgje av covid-19.

OFF vert tildelt kommunar som har ei viss erfaring med denne gruppa, m.a. fordi dei ofte har større behov for oppfølging enn dei som kjem frå mottak. Erfaringar viser at det er meir krevjande å bersette og følgje opp OFF med mange barn. Vaksne og barn som har levd på flukt over tid, og som kjem direkte frå transittland og flyktningleire, har behov for tettare oppfølging og samansette tenester ved ankomst m.a. knytt til helse, burettleiling, praktiske gjeremål, informasjon via tolk, bli kjend i kommunen, kome i kontakt med hjelpeapparatet for aktiviteter og tiltak, og etablering av nettverk. I ei tidleg fase er arbeidet særleg krevjande for programrådgjevarane som nærmeste kontaktperson for familien og koordinator mellom dei øvrige tenestene. covid-19 har ført til at OFF og FAM som kjem direkte frå utlandet vert sett i karantene ved ankomst kommunen. Programrådgjevarane har ansvar for å koordinere og følgje opp behov i karantenetida, i samarbeid med øvrig tenesteapparat.

1.1.3 Til-/fråflytting

Kvart år flyttar personar innafor integreringstilskotsperioden over fem år til andre kommunar, oftest grunna skulegang og arbeid andre stader i landet. I perioden 2014-2020 har 69 flyktningar i

integreringstilskotsperioden flytta frå Volda, medan vi i same periode hadde 18 tilflyttingar. Dette gir ei netto fråflytting på 51 personar innafor integreringstilskotsperioden.

Tabell 5: Til- og fråflytting, og netto fråflytting i integreringstilskotsperioden 2014-2020

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | SUM |
|----------------------|------|------|------|------|------|------|------|-----------|
| Tilflytting | 1 | 2 | 2 | 8 | 3 | | 2 | 18 |
| Fråflytting | 13 | 11 | 8 | 9 | 14 | 4 | 10 | 69 |
| Netto fråflytting | 12 | 9 | 6 | 1 | 11 | 4 | 8 | 51 |

I 2020 har 10 personar innafor integreringstilskotsperioden på 5 år, og 4 utanfor tilskotsperioden, flytta frå Volda. Flyttgrunn er ofte relatert til skulegang, arbeid eller nærleik til familie og nettverk. 2 innafor tilskotsperioden har flytta til Volda frå andre kommunar i år. Flytting innafor tilskotsperioden medfører deling av tilskotet mellom kommunar, i samsvar med gjeldande rundskriv. 1/3-del flyttar til andre kommunar for å gå på skule. Spesielt vaksne har problem med å få plass på vidaregående skule i nærområdet, og einslege vaksne vel ofte difor å flytte for vidare skulegang. 1/3-del flyttar grunna jobb andre stader i landet, medan 1/3-del flyttar grunna familie eller vene i andre kommunar.

1.1.4 Framskaffing av bustader

Tilgang på bustader er ofte flaskehalsen i busettingsarbeidet. I Volda har situasjonen vore annleis, og det har vore nytta få kommunale bustadar til 1. gongs busettingsar. Vi har i 2020 erfart at fleire familiarer har behov for familiebustad, noko som har ført til at det har blitt nytta fleire kommunale bustader til denne gruppa. Det er få familiebustadar på den private utleigemarknaden, og desse har ofte høg utleigepris. Volda har delteke i eit busettingsforsøk initiert av IMDi der flyktningane skaffar privat bustad sjølv medan dei bur i mottak. I all hovudsak var det bebuarar ved tidlegare Volda mottak som skaffa seg privat bustad før busetting sjølv, men også nokre frå andre mottak. Dei private bustadene vert ofte formidla av tilsette i flyktningarbeidet, og kontraktane er mellom utleigar og leietakar. Flyktningar som leiger på den private bustadmarknaden, søker ofte kommunal bustad ved familiesameining. I dag bur det flyktningar i meir enn halvparten av dei kommunale bustadane. Tilsette har over fleire år etablert kontakt med private huseigarar som er positive til å leige ut til flyktningar. Siste året har vi ved fleire høve opplevd å ha tilgang til ledige private bustader, utan å få flyktningar til busetting.

1.1.5 Burettleiling

Volda læringscenter gir både individuell og rettleiing i grupper om korleis bu i Noreg. Programrådgjevarane har dette som oppgåve, og besøker alle heimar og gir flyktningar individuell oppfølging. Programrådgjevarane samarbeider også med bustadkoordinator ved forvaltningskontoret for oppfølging av buminjø. I samarbeid med bustadkoordinator og Styrk arbeid har læringscenteret kvar sommar årleg dugnad i alle kommunale bustadmiljø. Volda og Ørsta Reinhaldsverk er aktive med å trykke brosjyre på fleire språk og gi undervisning ved læringscenteret om søppelsortering.

1.1.6 Bustadsosiale utviklingsprosjekt

Sidan 2011 har Volda arbeidd med ulike bustadsosiale utviklingsprosjekt med tilskot frå Husbanken: *Bustadkarriere for flyktningar*; det vart utvikla metodikk for butrening og buretta tiltak for flyktningar, med mål om å bli sjølvstendig på bustadmarknaden og sikre rask overgang frå kommunal til privat bustad. *God og effektiv busetting av flyktningar*, der fokuset var retta mot bustadsosiale utfordringar med framskaffing av bustader, auka gjennomstrøyming i kommunale bustader, auka bruk av Husbanken sine virkemidlar, bruk av INTRO-tida til å arbeide med sjølvstendig bustadkarriere, og fokus på jamn og kvartalsvis busetting. Utgreiing av modellane *Frå leige til eige* og *Privat leige av bustad*, og arbeid med prosjektet *Å koordinere det fragmenterte*, koordinert av Møreforsking AS. Prosjektrapporten vart ferdigstilt i 2016, og tilrådingar og tiltak følgjast opp gjennom bustadsosial handlingsplan.

Siste 2 åra har ei arbeidsgruppe hatt fokus på å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden til å etablere seg i eigen bustad. Målgruppe har vore barnefamiliar som normalt ville fått avslag på søknad om startlån grunna låg/ustabil inntekt. I dialog med aktuelle vart det søkt og innvilga etableringstilskot til 5 familiar som i 2020 kom i posisjon til å kjøpe eigen bustad; 2 på den private marknaden og 3 har kjøpt den kommunale bustaden dei tidlegare var leigetakar av. Vidaresal av kommunale bustader er gjennomført etter modellen «Eige først», og er i tråd med føringar som er forankra og vedteken i Volda kommune sin bustadsosiale handlingsplan 2017-2020, og tilrådingar frå Husbanken. Konseptet krev høg grad av bustadsosial oppfølging av familien, og eit godt samarbeid mellom tenester. Familiane har fått støtte i kjøpsprosessen og får tilpassa oppfølging inntil dei blir sjølvhjulpen og kan handtere bustadlånet sjølve. Behov for oppfølging frå kommunen avtek over tid. Kommunen har opsjon på å kjøpe attende den kommunale bustaden om familien ikkje klarer å bli økonomisk sjølvhjelpe, til opprinnleig kjøpesum minus nedskrive tilskot.

1.1.7 Vidare satsingsområde

I arbeidet med framskaffing av bustader er det gjort eit godt arbeid i kommunen siste åra, særleg knytt til fokuset mot å nytte den private bustadmarknaden til 1. gongs busetting av flyktningar. Fleire familiebusettingar i 2020 stiller enda større krav til aktivt å nytte den private bustadmarknaden, og det er viktig med godt samarbeid med private huseigarar. Systematisk arbeid med fleire buretta tiltak og sjølvstendig bustadkarriere har gitt rom for jamm busetting og gode bussettingsresultat, samt sikra høgare grad av gjennomstrøyming i kommunale bustader. Slik har fleire kommunale bustader blitt frigjort til bersetting av flyktningar og andre vanskelegstilte. Vi ønskjer å halde fram med dette gode arbeidet.

Målgruppe for kommunal gjennomgangsbustad er vanskelegstilte på bustadmarknaden. Grunna stor konsentrasjon av kommunale bustadar m.a. i Røyslidvegen/Smalebakken, vert det ofte ein uheldig blanding av barnefamiliar, personar med rus- og psykiske helseutfordringar og andre vanskelegstilte i same buminiljø. Det er spesielt rusmiljøet som er utfordrande for flyktningane, då det ofte inneber mykje støy og uro i buminiljøet. I eit par særtilfelle har kommunen mått flytte familiar grunna svært dårlig buminiljø, men etter etablering av ROP-bustadane har buminiljøet blitt noko betra. Det er spesielt kombinasjonen hybel og familiebustad med felles inngang, som er svært uheldig. Ein opplever meir positive buminiljø i område med få kommunale gjennomgangsbustader, og ein ønskjer difor dette vert fokus i det vidare bustadsosiale arbeidet. Kommunen kan vurdere å selje fleire kommunale gjennomgangsbustader og kjøpte nye spreidd i ulike bustadområde. Området Røyslidvegen / Smalebakken er ideell for barnefamiliar grunna nærliek til skule, barnehage og buss, og difor er det positivt om ein kan nytte fleire bustader i dette området til barnefamiliar, men utan hybel i kjellaren. Det er tidlegare kartlagt at kommunen treng fleire sentrumsnære fleksible bustader, som med små grep kan gjerast om frå hyblar til familiebustad. Kommunen bør jobbe meir aktivt med modellen «Frå leige til eige» og «Eige først», som vist til over, og som er ei nasjonal satsing. Det finnast mange gode grep ein kan gjere i det bustadsosiale arbeidet, men det føreset ei meir aktiv prioritering av det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

Kvart år får flyktningfamiliar hjelp til å kjøpe eigen bustad finansiert med startlån frå Husbanken. I år har det vore ei ekstra satsing i arbeidet som vist til over. Familiene har etter opp mot 10 års butid i kommunal bustad få bustaddraumen realiserast, og kommunen har fått både frigjort og selt kommunale familiebustader.

1.2 Introduksjonsprogram (INTRO) - gode og stabile resultat

Mål: Oppnå resultatmålet om 80% overgang til ordinær utdanning/arbeid/grunnskule

1.2.1 Status og resultat INTRO i Volda i 2020

Resultat i INTRO i 2020: 47% til utdanning/arbeid (jf. SSB/IMDi sin statistikk)

I 2020 har 41 flyktningar delteke i INTRO. Deltakarane kjem hovudsakleg frå Syria, Sudan og Eritrea. Det er sterke nasjonale føringar på at flest mogleg nykomne flyktningar bør ta utdanning for å få varig tilknyting til arbeidslivet. Vi ser ei auke i tal flyktningar som ønskjer utdanning, noko som er positivt. Eit 2-årig INTRO-løp er ikkje nok til å fullføre både norskopplæring og grunnskule for vaksne. Mange treng 3-4 år. Konsekvensar ved at INTRO vert avslutta midt i grunnskuleløpet, er at deltakarane må søke Lånekassa om flyktningstipend. SSB og IMDi tel ikkje grunnskule som del av resultatet etter INTRO, men det er viktig å synleggjere at mange er i eit utdaningsløp som ikkje belastar Volda kommune sitt budsjett, og som på sikt kan føre til arbeid.

Resultat i INTRO i 2020: 87% til utdanning/arbeid/grunnskule (jf. kommunale mål for tenesta)

Tek ein med grunnskule for vaksne i resultatmålinga har Volda eit resultat på **89%** i 2020.

Resultatmålet på 89% i 2020, viser at ein har god måloppnåing i høve det som er sett som mål for Volda læringsenter i 2020.

INTRO har fram til 2020 vore på 2 år, med moglegheit til utviding med 1 ekstra år. I Volda er det fleire som får utvida programtid på grunn av at dei treng lengre tid til å kvalifisere seg. Frå 2021 vert introduksjonsloven endra til integreringslova, og programtida vil variere frå 3 månader til 4 år, alt etter utdaningsbakgrunn og alder.

Tabell 6: Resultat i INTRO i Volda i perioden 2016 - 2020


| Resultat INTRO - Volda kommune | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|------------|------------|------------|------------|------------|
| Tal deltakarar INTRO | 77 | 95 | 69 | 53 | 41 |
| Tal deltakarar avslutta INTRO | 17 | 34 | 29 | 27 | 19 |
| Tal deltakarar overgang utdanning | 4 | 10 | 8 | 6 | 6 |
| Tal deltakarar overgang arbeid | 6 | 7 | 7 | 8 | 3 |
| Tal deltakarar overgang grunnskule | 4 | 10 | 10 | 9 | 8 |
| Tal deltakarar overgang NAV | 2 | 4 | 2 | 3 | 1 |
| Tal deltakarar overgang AAP | 1 | 1 | 1 | 0 | 0 |
| Tal deltakarar avslutta grunna flytting | 0 | 1 | 1 | 0 | 1 |
| Anna | 0 | 1 | | | |
| RESULTAT (overgang arbeid/utdanning) | 59% | 50% | 52% | 52% | 47% |
| RESULTAT inkl. grunnskule | 76% | 79% | 86% | 85% | 89% |
| Tal deltakarar som deltok mindre enn 2 år | 3 | 11 | 7 | 5 | 4 |
| Tal deltakarar m/utvida program | 1 | 2 | 6 | 3 | 11 |

1.2.2 Status 1-5 år etter avslutta INTRO

På IMDi sine nettsider finner ein tal, statistikk og rapportar om busetting og integrering. Tabellen under viser status 1-5 år etter avslutta INTRO for deltakarar i Volda. Tabellen vert oppdatert den 31.12 kvart år, så tabellen har ikkje med tal frå 2018 og 2019. Tabellen viser at over 70% av busette flyktningar i Volda er i arbeid eller utdanning 1-5 år etter bersetting. Dette er betre enn landsgjennomsnittet som ligg på 63%.

Tabell 7: Resultat 1-5 år etter avslutta INTRO i Volda

Status ett til fem år etter avsluttet introduksjonsprogram



Figuren viser antall deltakere i introduksjonsprogrammet i løpet av året i perioden 2005 til 2019 i Volda (t.o.m. 2019).
Kilde: SSB og IMDi, sist målt: 31.12.2019

Status 1-5 ÅR etter avslutta INTRO

- Tabellen over viser positiv utvikling og auka resultatoppnåing få år etter avslutta INTRO.
- Butid aukar tilknytinga til arbeidslivet og utdanningssystemet, og færre vert avhengig av offentleg stønad til livsopphald.
- 1-5 år etter avslutta INTRO er over 70% av flyktningane i ordinært arbeid, elev på grunnskule for vaksne, på vidaregåande skule, eller høgskule. Alle elevar har rett på lån/stipend frå Lånekassa og er soleis økonomisk sjølvhjelpte.

På grunn av at statistikken frå IMDi ikkje har med seg tal frå 2018 og 2019 har vi rekna ut at av dei som avslutta INTRO i 2019 er 62,5% i arbeid eller utdanning. Av dei som avslutta INTRO i 2018 er 90% i arbeid eller utdanning.

1.2.3 Kvalifiserande tiltak i INTRO

| | | |
|-----------------------------|--|--------------------------------|
| Tiltak i 2020: | ➤ Norskopplæring | ➤ Fritidsaktivitet |
| ❖ Språkretta tiltak | ➤ Grunnskule | ➤ Flyktningguide |
| ❖ Utdanningsretta tiltak | ➤ Engelsk/matte | ➤ Temabaserte kurs |
| ❖ Arbeidsretta tiltak | ➤ Samtalegrupper med frivillige pensjonistar | ➤ Sanitetshuset – kvinnegruppe |
| ❖ Buretta tiltak | ➤ Språkpraksis/arbeids-trening | ➤ Bra-Mat kurs |
| ❖ Helseretta tiltak | ➤ Gym | |
| ❖ Foreldreretta tiltak | | |
| ❖ Nettverksfremjande tiltak | | |

Volda læringsenter har sidan 2018 starta opp igjen med kurs i foreldrerettleiing i lag med helsestasjonen. Kurset som vert nytta heiter ICDP (*ICDP – International Child Development Programme*) og er eit kurs kor kurshaldarane har gått igjennom opplæring og sertifisering gjennom Bufetat. I 2018 vart nye 6 rettleiarar sertifisert ved Volda læringsenter og helsestasjonen, kor 3 av dei er minoritetsspråklege. I 2018 og 2019 vart til saman 8 kurs gjennomført, mens i 2020 har vi hatt pause frå desse kursa, mykje på grunn av koronasituasjonen. Før koronaen stengte ned landet rakk vi å gjennomføre eit kurs i «Foreldreskulen» som har som mål å styrke foreldra si forståing av den norske skulen/barnehagen og kva som forventast av dei.

Stortinget har vedteke ny lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid ([integreringslova](#)), gjeldande frå 1. januar 2021. Lova er den viktigaste endringa i norsk

integreringspolitikk på 20 år. Mange innvandrarar har ikkje den formelle kompetansen som skal til for å kome i jobb. Med integreringslova får vi no ein startpakke for nykomne innvandrarar som tek formell utdanning og kvalifisering på alvor, og gir tydelegare krav til norskunnskapar. Målet er at fleire skal få varig fotfeste i norsk arbeidsliv. Lova gjeld dei som får opphaldsløyve og kjem til landet etter 1. januar 2021. Det vert m.a. obligatorisk med kurs i foreldrerettleiing for barnefamiliar. Volda planlegg å samarbeide med Ørsta for gjennomføring av desse kursa. Kurset livsmestring vert også obligatorisk og vert lagt inn i timeplanen ved Volda læringssenter.

Språkpraksis

I 2020 har Volda læringscenter hatt deltakarar utplassert på 9 ulike arbeidsplassar i lokalt næringsliv i Volda og Ørsta. Nokre arbeidsplassar har teke imot elevar frå senteret fleire ganger i løpet av året, og nokre elevar har fått prøve seg i ulike typar av praksis. På grunn av covid-19 vart mange praksisplassar avslutta mellom mars og juni månad, og ikkje alle har kunne tatt inn personar i haust heller.

Fleire av praksisplassane har læringscenteret hatt eit godt og tett samarbeid med over mange år. Næringslivet i Volda er generelt positive til å ta imot elevar frå læringscenteret i praksis, men det er ein klar tilbakemelding at deltakarane må beherske språket på eit så høgt nivå at det er mogleg å kommunisere og forstå kvarandre. Dette er noko læringscenteret prøver så godt som råd å etterkome. Det er ulike mål for plassering av elevane på dei ulike språkpraksisplassane. Vi kan dele språkpraksis inn i tre kategoriar, der målet for praksisperioden er ulik:

1. *Språkpraksisplass - der målet er å kome i gang med å praktiser munnleg norsk*
2. *Språkpraksis for dei som har utdanning som mål*
3. *Språkpraksis med mål om overgang til arbeid*

Læringscenteret har gode erfaringar med å samarbeide med lokalt næringsliv og kommunale arbeidsplassar om språkpraksis. Deltakarane møter stor velvilje og vert tekne godt imot på praksisplassane. Det er avgjerande å ha eit nettverk av personar og bedrifter som kan kontaktast og brukast i dette viktige arbeidet. Det er vidare viktig at praksisbedriftene har ein fast kontaktperson ved læringscenteret som er tett på om noko oppstår og dei treng å diskutere eller hjelpe til å løyse.

Læringscenteret erfarer at det er ein fordel at arbeidet ligg til undervisningspersonale. Lærarane blir godt kjende med elevane, og får ofte kunnskap som deltakarane ikkje har klart å formidle i kartleggingssamtalar. Lærarane har også kunnskap om språkutviklinga til den einskilde, og kan lettare vurdere om vedkomande er klar for ein praksisplass og kva type praksis som er passande for det språklege nivået til deltakaren.

Volda læringscenter har elevar på alle språklege nivå, også dei med store utfordringar i å lære eit nytt språk.. Dei treng tett oppfølging og dei er utfordrande å plassere på ein ordinær språkpraksisplass. Ein har difor i samarbeid med Sanitetslaget starta opp ein språktreningsarena der deltakarane lagar eit enkelt måltid mat og opnar for at lokalbefolkinga kan kome å få eit måltid og prate norsk med deltakarane. Tiltaket er på Sanitetshuset i sentrum kvar fredag. Dette er først og fremst eit tiltak for kvinner, og eit likande lågterskeltilbod for menn er ønskjeleg å etablere.

Norsk- og grunnskuleopplæring for voksne

Tal elevar ved Volda læringscenter som får norsk- og grunnskuleopplæring er redusert som følgje av nedlegging av mottaka i Volda og færre flyktningar for busetting.

Tabell 8: Tal elevar og grupper i norsk- og grunnskuleopplæring i perioden 2017-2020

| | Februar 2017 | Februar 2018 | Januar 2019 | Januar 2020 | Januar 2021 |
|-------------------|-----------------|-----------------|----------------|----------------|----------------|
| Tal elevar | 156 | 114 | 113 | 70 | 60 |
| Samla tal grupper | 12 | 8 | 7 | 6 | 6 |
| Norskgrupper | 7 | 5 | 5 | 4 | 4 |
| EMA-grupper | 3 | 1 | 0 | 0 | 0 |
| Grunnskulegrupper | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 |

Resultat norskprøve og samfunnskunnskap

Volda læringsenter arrangerer norskprøve 3-4 gonger i året. Norskprøva er oppdelt i fire delar; lytte, lese, skrive og munnleg. Under følgjer oversikt over deltakarar som gjennomførte norskprøven i 2019 og 2020.

Tabell 9: Tal deltakarar med gjennomført norskprøve i perioden 2019-2020

| Norskprøve | 2019 | | | | | 2020 | | | | |
|-------------------|-------------|-----------|-----------|-----------|------------|-------------|-----------|-----------|-----------|------------|
| | A1 | A2 | B1 | B2 | SUM | A1 | A2 | B1 | B2 | SUM |
| Lytte | 6 | 12 | 2 | 9 | 29 | 3 | 9 | 8 | 4 | 24 |
| Lese | 6 | 13 | 6 | 4 | 29 | 5 | 8 | 7 | 3 | 23 |
| Skrive | 3 | 16 | 6 | 1 | 26 | 3 | 8 | 11 | 2 | 24 |
| Munnleg | 0 | 6 | 9 | 7 | 22 | 0 | 4 | 5 | 3 | 12 |

Situasjonen kring covid-19 i busettings- og integreringsarbeidet

Covid-19 pandemien fekk i 2020 stor påverknad på drifta av Volda læringsenter, og vi starta opp med digital heimeundervisning den 13.03.20. Alle elevane hadde eigne Chromebook eller Ipad, og var soleis godt rusta. Utfordringa med digital heimeundervisning var størst for dei elevane med svakast norskforståing. For analfabetar var det svært vanskelig å skulle sitje heime og jobbe med norsk, så læringsenteret valte difor å la dei svakaste elevane kome først tilbake til senteret når det var mogelegheit for dette (i slutten av april). I tillegg tok læringsenteret grep ovanfor barnefamiliar med fleire barn der vi såg det var behov. Vår to-språkelege miljøarbeidar vart nytta til å følgje opp fleire familiar ved å ta barna med på turar og aktivitetar ute, og dermed unngå for stor isolasjon. I tillegg fekk nokre av barna tilbod på Øyra skule på dagtid. Stortinget fatta også midlertidig lov om tilpassingar i introduksjonslova for å avhjelpe konsekvensar av utbrot av covid-19. Lova gav kommunane løyve til å gi redusert tilbod under utbrot av covid-19, mot at deltakarane fekk den tapte undervisninga att ved utviding av INTRO-tida. Dei fleste har fått utvida INTRO med 1 ekstra månad, som konsekvens av dette. Alle kommunane i Noreg har fått utbetalt midlar frå IMDi får å dekke desse ekstrautgiftene. Det vil bli gjort ei vidare vurdering om utviding av INTRO for einskilde i 2021.

All bersetting av OFF vart stansa frå 12.03.2020, og først i september fekk læringsenteret melding frå IMDi om at dei ville starte opp att med bersetting av OFF til landet. Senteret fekk dermed oppmøding om fleire bersettingar på kort tid, noko som utfordra kapasiteten ved senteret då vi i utgangspunktet er dimensjonert for jamn bersetting gjennom året. Programrådgjevarane utarbeidde strenge rutinar for bersetting av OFF for å ivareta godt smittevern, i samarbeid med smittevernonoverlegen. Covid-19 testing og karantene/isolasjon blir praktisert for alle bersettingar og FAM.

Interkommunalt samarbeid om kvalifiseringsløp for fagbrev

Arbeidsmarknaden på Søre Sunnmøre vert stadig meir spesialisert, og stiller krav til kvalifikasjonar hos arbeidstakar. Det er få ufaglærte jobbar, samstundes som tal personar som konkurrerer om desse jobbane er stort. Ein viktig føresetnad for varig fast arbeid er formelle kvalifikasjonar, saman med språk og kulturforståing. Ein ser at mange bersettede flyktningar, særlig dei utan ungdomsrett, ikkje får muligkeit til å opparbeide seg ein formell kompetanse som til dømes fagbrev. Tilrettelagte løp for denne gruppa er viktig, og vil auke sjansane for å lukkast.

Saman med Hareid, Sande og Ulstein kommunar har Volda inngått avtale om utprøving av modell for opplæring i helsefag og industrimekanikarfaget. I 2020 har Volda med deltakarar i *industrimekanikarfaget*. Avtalen bygger på samarbeidsavtale mellom NAV Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Maritim foreining Søre Sunnmøre (MAFOSS) og Ulstein som vertskommune for samarbeidet. Volda har 6 deltakarar i opplæringsløpet, som er 3-årig. Dei 2 første åra kombinerer ein undervisning på skule i fellesfag og programfag, med praksis i bedrift. Det 3. året er deltakarane ordinære lærlingar i bedrift. Opplæringa skjer i regi av fylkeskommunen knytt til Herøy vidaregåande skule. MAFOSS har ansvar for å finne praksisplassar, og følgje opp deltakarar og

arbeidsplassar. IMDi støttar prosjektet: I 2019 fekk kommunane kr 800.000 i tilskot, i 2020 kr 850.000. IMDi har gjeve skriftleg lovnad om stønad på om lag same nivå i 2021. Tilskotet finansierer stillingsresurs i MAFOSS og Ulstein kommune, opplæringsløpet og andre kostnader i prosjektet.

Tidlegare Hornindal kommune har sidan 2018 hatt 2 deltakarar på helsefagarbeidarutdanning på Firda vidaregåande skule (Gloppenmodellen). Ein deltar fekk fagbrev i 2020, medan den andre framleis er i utdanningsløpet. Denne modellen er eit 4-årig løp, der 3 år er kombinasjon av skule og praksis, og 4. året som ordinær lærling. Dette er eit samarbeid mellom NAV, fleire kommunar og Fylkeskommunen. I dette tilfellet er det Vestland Fylkeskommune og NAV Vestland som er med i samarbeidet.

Andre tilrettelagte løp for flyktningar siste åra har m.a. vore:

- *Helsefagløp for minoritetsspråklege på Søre Sunnmøre*
- *Opplæring i fleirkulturell kommunikasjon og fleirkulturelt arbeidsmiljø på arbeidsplassen*
- *Jobbmentor*
- *Menn i helse*
- *Kimen Sosial entreprenør (Gartneri på Folkestad)*
- *Serviceteam*
- *Kantinedrift*
- *Bustadkarriere for flyktningar*
- *Reinhalldskurs*

Symjeopplæring for nykomne flyktningbarn

Volda læringsenter har sidan 2016 søkt midlar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege barn. Volda er ein av få kommunar i fylket som søker desse midlane, og har difor fått innvilga midlar kvart år. Gjennomføring av kursa vert utført av VTI symjeklubben. Tidlegare var kursa i symjebassenget på Idrettsbygget, men no leiger VTI basseng av Ørsta kommune. Kursa vert organisert på Hovden skule. Det gjer det utfordrande å organisere skyss for barna, sidan mange av foreldra ikkje køyrer eigen bil. Volda læringsenter har difor måtte kjøre ein del av barna til symjekurset. Kvart år får 40 barn symjeopplæring gjennom denne ordninga.

1.2.4 Økonomisk sosialhjelp

Volda har opplevd auka utgifter til sosialhjelp siste åra, men har ein positiv nedgang i 2020 samanlikna med dei 2 føregåande åra. Dette kan m.a. tilskrivast busetting av færre flyktningar og FAM enn tidlegare år, som mottek slik yting fram til første utbetaling av INTRO-stønad til mat, klede, bustad, møblar og utstyr. Store barnefamiliar og einslege forsørgjarar har ofte behov for supplerande økonomisk stønad i tillegg til INTRO-stønad, barnetrygd og bustønad, til bustad, mat, klede, barnehage, SFO og aktivitetar for barna. Tabell 10 under viser oversikt over utviklinga i økonomisk sosialhjelp i Volda og Hornindal i perioden 2015-2020.

Tabell 10: Utviklinga i økonomisk sosialhjelp (bidrag + lån) i Volda og Hornindal 2015-2020

| | | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020* |
|-------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| 1519 | Volda | 4 703 991 | 5 165 528 | 4 819 699 | 6 768 328 | 7 608 719 | |
| 1444 | Hornindal | 21 478 | 150 601 | 66 690 | 102 358 | 180 922 | |
| SUM | | 4 725 469 | 5 316 129 | 4 886 389 | 6 870 686 | 7 789 641 | 6 131 661 |

*1577 Volda, tal pr. 30.11.2020.

Kjelde: KOSTRA-tal 2015-2019, rekneskapstal 2020 Volda kommune.

Mottakarar av sosialhjelp er ei ueinsarta gruppe. I 2019 har Volda 205 mottakarar av sosialhjelp, ei auke på 11 frå året før. Oversikta viser at mange har supplerande sosialhjelp i tillegg til anna inntekt: 32 har arbeidsinntekt som hovudinntektskjelde (15 heiltidsarbeid og 17 deltidsarbeid), 39 er INTRO-deltakarar og 7 i kvalifiseringsprogram. Sjå tabell 11 under, som viser mottakarar av sosialhjelp i Volda etter arbeidssituasjon i perioden 2015-2019. KOSTRA-tal for 2020 er ikkje kjend ennå.

Tabell 11: Sosialhjelpsmottakarar etter arbeidssituasjon i Volda i perioden 2015-2019

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|-------------------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Arbeid heiltid | 6 | 7 | 7 | 14 | 15 |
| Arbeid deltid | 9 | 12 | 10 | 18 | 17 |
| Arbeidslaus | 49 | 41 | 32 | 37 | 38 |
| Ikkje arbeidssökjar | 26 | 31 | 31 | 32 | 40 |
| I introduksjonsprogram | 37 | 46 | 51 | 33 | 39 |
| I kvalifiseringsprogram | 3 | 6 | 6 | 6 | 7 |
| Anna situasjon | 36 | 33 | 33 | 44 | 49 |
| SUM | 166 | 176 | 170 | 184 | 205 |

Kjelde: <https://www.ssb.no/statbank/table/12201/tableViewLayout2/>

Målet er at flyktningar så raskt som råd skal vere i stand til å forsørgje seg sjølve, slik at dei kan få same økonomiske moglegheiter som andre. For flyktningar er denne vegen lenger enn for mange andre, all den tid dei skal lære seg eit nytt språk og kvalifisere seg til arbeid i eit nytt land. I samsvar med lovverket startar flyktningar og familiesameinte i INTRO innan 3 månader etter busetting.

Det er sett i verk tiltak for å betre kunnskapen om årsaksforholda til auka sosialhjelp og betre kvaliteten på oppfølginga. Eit viktig satsingsområde er å auke arbeidsdeltakinga, som er viktig for å redusere utanforskap og auke levekåra for personar og familiær med låg inntekt. Gjennom tettare samarbeid mellom NAV og ulike tenester i kommunen, er målet å korte ned tida den einskilde har behov for økonomisk sosialhjelp, og sikre raskare overgang til inntektskjedende arbeid. Kvalifisering og oppfølging av flyktningar er tema på faste samarbeidsmøte mellom Volda læringsenter og NAV Ørsta-Volda. Erfaringane frå samarbeidet er positive og vil halde fram med auka fokus. Vi har mål om å gjere eit enda grundigare arbeid knytt til sosialhjelputgifter, og sjå på årsaksforholda til auken. Særlig interessant er det å sjå på om auken handlar om system knytt til busetting, eller om vi har lågare arbeidsdeltaking enn tidligare år.

1.2.4 Vidare satsingsområde

Rett til vidaregåande skule er avhengig av både alder og kva utdanning ein har frå heimlandet. Personar over 24 år har ikkje ungdomsrett, og blir derfor ikkje prioritert når dei søker ordinær vidaregåande skule. Dei over 25 år kan få vaksenrett, men tilbodet om vaksenopplæring på vidaregåande skule er svært avgrensa, særleg på søre Sunnmøre. Det har derfor vore naudsynt for kommunen å samarbeide med fylket og NAV for å sette i gong ulike tilbod til denne målgruppa. Dette samarbeidet må vi halde fram med, for å sikre at vaksne innvandrarar kan ta fagbrev og få varig arbeid.

Det er ønskje om å utvikle fleire tilrettelagte løp for fagbrev, og vidareutvikle modellen som ein i dag har for industrifag. Med bakgrunn i NAV sine marknadsanalyser og dialog med lokale arbeidsgjevarar, vurderer ein at betongfaget kan vere ein aktuell bransje, samt at nokre kommunar har etterlyst løp innanfor barne- og ungdomsarbeidarfaget i kombinasjon med helsefag. Avgjerande for å lykkast i desse prosjekta er eit breitt samarbeid mellom fylkeskommunen, NAV Møre og Romsdal, lokale NAV-kontor, kommunane på søre Sunnmøre, og lokale bedrifter og deira samarbeidspartar på søre Sunnmøre. Desse løpa er no under planlegging, og det er sannsynleg at det vert starta opp 3-årige fagbrevløp innan betongfag og helsefag/barne- og ungdomsarbeid. Det er Ulstein kommune som planlegg kursa i lag med fylkeskommunen og NAV Møre og Romsdal. Herøy vidaregåande skule skal vere ansvarleg for gjennomføring av den faglege utdanninga. Kommunane som deltek i dette samarbeidet forpliktar seg til å skaffe lærlingplassar innan helsefag eller barne- og ungdomsarbeidarfag. Volda kommune har sagt ja til 3 lærlingplassar innan barne- og ungdomsarbeidarfag for dei som startar på dette utdanningsløpet i august 2021.

Vi er uroa over *mangel på læreplassar* i arbeidslivet, og mange flyktningar står ofte sist i køa når læreplassar skal fordelast. Vi ønskjer ei tydelegare nasjonal satsing og betre tilrettelegging for fleire fylkeskommunale utdanningsløp for flyktningar der læretida også blir ein føreseieleg del av

utdanninga. Slik sikrar vi at dei kan fullføre fagbrev og kome seg i varig arbeid med sjølvstendig inntekt. Avbrot over fleire år i påvente av lærepass for å fullføre eit opplæringsløp er ikkje samfunnsøkonomisk. Det er svært uheldig for den det gjeld, for samfunnet som manglar fagarbeidarar, og for kommunane m.a. i form av auka utgifter til sosialhjelp.

Næringsstrukturen i Volda krev i svært mange samanhengar vidare utdanning etter grunnskulen for å få arbeid. Det gjer det krevjande for ein del flyktningar i Volda å kvalifisere seg til arbeid og bli økonomisk sjølvstendig. Gjennom utviklingsprosjekta i kvalifiseringsarbeidet vert det etablert ny kunnskap og nye metodar, som bidreg til at flyktningane får betre heilskapleg og målretta kvalifisering for raskare overgang til ordinær utdanning og arbeid. Statlege tilskotsordningar gir rom for innovasjon og proaktiv tilnærming, og auka kunnskap og tiltakskapasitet for å gi gode og tilpassa integrerings- og kvalifiseringstiltak for flyktningar.

Vi ønsker også halde fram det gode samarbeidet med helse og omsorg om oppfølging av minoritetsspråklege helsefagkandidatar i praksis og arbeid, og fleirkulturell kompetanseheving ute på arbeidsplassane. Sektoren har mange minoritetsspråklege på dei fleste avdelingane både i praksis, som vikarar og ekstrahjelp, og nokre har faste stillingar. Det er viktig å sjå desse i samanheng med lærepassane som er oppretta for vaksne flyktningar.

Vidare vil ein i kvalifiseringsarbeidet kontinuerleg ha *resultatfokus* og arbeide for å nå måltala for overgang til utdanning/arbeid, og at flyktningane raskast råd vert økonomisk sjølvstendige. Dette er viktig for å sikre eit berekraftig busettings- og integreringsarbeid. Resultata i Volda er høgare enn landsgjennomsnittet når vi ser på status 1-5 år etter INTRO, men vi kan bli betre. Vi ser at mykje endrar seg for den einskilde etter avslutta INTRO m.a. grunna overgang til utdanning som utløyser rett til lån og stipend, og som gjer at mange vert økonomisk sjølvstendige. Butid aukar tilknytinga til arbeidslivet og utdanningssystemet, og færre vert avhengig av offentleg stønad til livsophald få år etter avslutta INTRO. Dette gir indikasjonar om at det vert gjort eit godt grunnleggjande kvalifiseringsarbeid i Volda dei første åra etter busetting. Samtidig ser vi at kvalifisering til arbeid tek tid. Volda læringsenter vil i større grad enn tidlegare år utvide INTRO-tida frå 2 til 3 år for dei som treng eit lengre kvalifiseringsløp. Dette blir det også lagt opp til i den nye integreringslova som trer i kraft frå 01.01.21. Det vert stadig større krav til betre norskunnskapar og formell kompetanse, og det er difor viktig å lage ein god base for alle deltakarane som dei kan bygge vidare på etter avslutta INTRO.

I perioden 2012-2018 hadde Volda kommune ein gjensidig *forpliktande samarbeidsavtale med IMDi* Midt-Norge om busetting, kvalifisering og integrering av flyktningar. Gjennom samarbeidet har Volda vore i posisjon til å gjere viktige grep og tiltak på feltet for å betre resultatoppnåinga. Det er ikkje innleia ny avtale om samarbeid. Regionreforma og den nye integreringslova fører til endringar med at fylkeskommunane overtar fleire av dei regionale oppgåvene til IMDi frå 2020-21. Fylkeskommunen har rekruttert personale til arbeidet, og dei har brukt tida så langt til å setje seg inn i arbeidsoppgåvene. Det spesielle situasjonen vi har hatt knytt til covid-19 har gjort at det har vore lite kontakt og lite samarbeid om busettings- og integreringsarbeidet med fylkeskommunen så langt. Det er planlagt møte over nyttår når den nye integreringslova trer i kraft.

2. Tiltaksplan i busettings- og integreringsarbeidet 2021

(rullerast årleg)

| INNSATSOMRÅDE | NR | TILTAK/MÅL | AKTIVITET | ANSVARLEG | TID/FRIST |
|--|-----|---|--|--|---|
| BUSETTINGS-FREMJANDE TILTAK | 1.1 | <i>Framskaffe bustader til 1. gongs busetting</i> | <ul style="list-style-type: none"> Sikre jamn og kvartalsvis bersetting av flyktningar | VLS | Kontinuerleg |
| 2.1 Framskaffe bustader til jamn og kvartalsvis bersetting | 1.2 | <i>Oppfølging av bustadkjøparar</i> | <ul style="list-style-type: none"> Gi informasjon og burettleiing om å eige bustad individuelt og i grupper om m.a.: årlege buutgifter, forsikring, avfallshandtering, brannvern og elsikkerheit, vedlikehald, naboskap og buminjø m.v. | Arbeidsgruppa for bustadsosialt arbeid, programrådgjevarar | Kontinuerleg |
| Sikre implementering og gjennomføring av prosjekta: | 1.3 | <i>Frå leige til eige / Eige først Kjøp av eigen bustad</i> | <ul style="list-style-type: none"> Vidaresatsing på modellane "Frå leige til eige" og «Eige først» Tilstrekkeleg låneopptak av startlån for vidaretildeling | Arbeidsgruppa for bustadsosialt arbeid | Prioritert i bustadsosial handlingsplan |
| "Bustadkarriere for flyktningar" og "God og effektiv bersetting av flyktningar" | 1.4 | <i>Privat leige av bustad</i> | <p>Vidareutvikle rutinar for privat leige av bustad:</p> <ul style="list-style-type: none"> Flyktningar skaffar privat bustad sjølve Overgang frå kommunal til privat leige av bustad Oppfølging av huseigar, burettleiing m.v. | VLS Helse og omsorg | Kontinuerleg |
| | 1.6 | <i>Sikre god gjennomstrøyming i kommunale utleigebustader</i> | <ul style="list-style-type: none"> Kontakte flyktningar i god tid før husleigekontrakta går ut Informere, motivere og bistå med å skaffe privat bustad Gi bistand til finansiering av eigen bustad; startlån, bustadtilskot, bustønad | Helse og omsorg (Forvaltningskontoret) Husbankansvarleg | Kontinuerlig |
| | 1.6 | <i>Bustadsosial plan</i> | <ul style="list-style-type: none"> Tiltak i Bustadsosial handlingsplan 2018-2020 | Helse og omsorg Arbeidsgruppa for bustadsosialt arbeid | Kontinuerleg |

| INNSATSOMRÅDE | NR | TILTAK/MÅL | AKTIVITET | ANSVARLEG | TID/FRIST |
|---|-----|--|--|--|--------------|
| BUSETTINGS-FREMJANDE TILTAK 2.2 Sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar Sikre implementering og gjennomføring av prosjekta: "Bustadkarriere for flyktningar" og "God og effektiv busetting av flyktningar" | 2.1 | <i>Sikre betre implementering og gjennomføring av programmet for burettleiing og sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar i Volda</i> | <ul style="list-style-type: none"> Deltakarar i introduksjonsprogram og einslege mindreårige flyktningar skal som fast aktivitet ha tiltak retta mot burettleiing og sjølvstendig bustadkarriere i sin individuell plan. Flyktningar skal frå dag ein i Volda få informasjon om å bu, burettleiing, sjølvstendig bustadkarriere, korleis skaffe eigen bustad, ivaretaking av husværet, uteområde, bumiljø, nabolag Utarbeide plan for korleis gjennomføre arbeidet med burettleiing og sjølvstendig bustadkarriere i: <ul style="list-style-type: none"> Introduksjonsprogrammet Arbeidet med kvalifisering av einslege mindreårige For andre flyktningar/tidlegare busette | VLS Programrådgjevarar/miljørarbeidar OPP/særkontakt Bustadkoordinator helse og omsorg, i samarbeid med VLS | Kontinuerleg |
| | 2.2 | <i>Auke kunnskapen om Husbanken sine lån, tilskot og støtteordningar</i> | <ul style="list-style-type: none"> Gi informasjon på individnivå til brukarar Gi informasjon i gruppe på Volda læringsenter Etablere fleire informasjonsarena for brukarar og tilsette Gjere informasjonsmateriell tilgjengeleg for hjelpeapparatet, leigetakarar i kommunale og private bustadar, og andre interesserte. | Husbankansvarleg VLS | Kontinuerleg |

| INNSATSOMRÅDE | NR | TILTAK/MÅL | AKTIVITET | ANSVARLEG | TID/FRIST |
|--|-----|---|---|--|------------------|
| INTEGRERINGS-FREMJANDE TILTAK 2.3 Vidareutvikle og sikre gode og stabile resultat i introduksjonsordninga | 3.1 | Vidareutvikle, evaluere og implementere dei kommunale kvalifiseringstiltaka | Kommunale kvalifiseringsarena for språk- og arbeidstrening for flyktningar og deltakarar med liten eller ingen skulebakgrunn: 1. Reinhaldkurs med oppfølging av mentor i praksis 2. Sanitetshuset – kvinnegruppe 3. Språkpraksis | Rektor VLS Eigedomsavdelinga | Kontinuerleg |
| | 3.2 | Resultatfokus i introduksjonsprogrammet | Oppnå resultatnålet om 80% overgang til ordinær utdanning/arbeid/grunnskule: • Utarbeide rutinar for å sikre kontinuerleg resultatfokus i det daglege arbeidet • Redusere fråvær og sikre høgare grad av deltaking i INTRO | Rektor VLS Fagansvarleg VLS Programrådgjevarar Ass. rektor/lærarar VLS Samarbeid med NAV | Kontinuerleg |
| | 3.3 | Vidareutvikle samarbeidet med NAV | • Sikre god oppfølging av ny samarbeidsavtale mellom NAV og Volda læringssenter | Rektor VLS NAV-leiar | Årleg evaluering |
| | 3.4 | Kompetanseheving i kvalifiseringsarbeidet | • Innovasjon og utviklingsarbeid i integreringsarbeidet • Rettleiingsmetodikk og motivasjon av deltakarar • Utvikling av lokale element i samsvar med ny integreringslov; livsmeistring, foreldrerettleiing m.v., i interkommunalt samarbeid med nabokommunar | Rektor VLS/lærarar Programrådgjevarar | Pågår |

| INNSATSOMRÅDE | NR | TILTAK/MÅL | AKTIVITET | ANSVARLEG | TID/FRIST |
|---|-----|---|--|------------------|----------------|
| INTEGRERINGS-FREMJANE TILTAK 2.4 Vidareutvikle og sikre gode og stabile resultat i norskopplæringa | 4.1 | Fagnorsk på arbeidsplassen | • Fagnorsk innan helse- og omsorg og industrifag for deltakarar i komprimerte løp, språk- og arbeidsparksis, minoritetsspråklege vikarar og tilsette i kommunen | Rektor VLS HO | Pågår |
| | 4.2 | Basisfag i norskopplæringa | For deltakarar med utdanning som mål: • Tilby basisfag tidleg for å effektivisere kvalifiseringsløpet og sikre rask overgang til vidaregåande skule | Rektor VLS | Pågår |
| | 4.3 | Arbeide for fleire komprimerte utdanningsløp for vaksne, som fører fram til fagbrev | • Komprimerte utdanningsløp i samarbeid med fylkeskommunen, NAV og kommunane på søre Sunnmøre innan: Helsefag, barne- og ungdomsarbeidarfaget, industrimekanikarfaget og betongfaget | NAV VLS | Pågår Pågår |
| | 4.4 | Resultatfokus i norskopplæringa | I samband med obligatoriske språkprøver skal det arbeidast for: • Å spisse opplæringa mot språkprøvene | Rektor VLS | Kontinuerleg |